

Søknad om Landsleir i Hordaland 2024

4H Hordaland har ikkje arrangert landsleir sia år 2000, men tankar om å få gjennomføre ein ny stor leir i fylket har blitt nemnt oftare og oftare blant medlemmar, klubbrådgjevarar, alumnar og andre vaksne. Fylkesstyret tok opp saka på fylkesstyremøte 21. juni, og dei vedtok at 4H Hordaland skulle sende ein søknad om å få arrangere landsleir 2024 når invitasjonen kom frå sentralstyret.

4H Hordaland er kjent for sine aktive og dyktige medlemmar som tidleg tar ansvar for arrangement i klubbane sine, på 4H Hordaland sine kurs og leirar, og dei er heller ikkje redd for å ta på seg større oppgåver utanfor 4H-systemet. Hordaland var ein av dei første fylka som sendte berre alumnar som leiarar på land-/ nordisk leir, og som let ungdommar ta hovudansvar for større arrangement i fylket. I tillegg har me mange aktive klubbrådgjevarar og andre vaksne som i sin ungdom både var deltakarar og ansvarlege for landsleiren på Voss i 2000.

4H Hordaland har eit ønskje om å få arrangera landsleir på Voss i juli 2024. Her står 4H veldig sterkt, akkurat no er det 8 klubbar med nærmare 300 medlemmar i dette området. Vossingane er kjent for sine to store arrangement som Ekstremспортveko og Voss Cup, og for sin store dugnadsånd.

4H Hordaland ønskjer å søkje om landsleir 2024, men kan òg ta ansvar for leiren i 2026 viss me ikkje får tildelinga i 2024.